

**Delavtale mellom**

**XX kommune og Helse Førde HF**

**Samarbeid om IKT-løysingar lokalt**

# **Avtale om samarbeid om IKT-løysingar lokalt**

## **1. Partar**

Avtalen er inngått mellom XX kommune og Helse Førde HF.

## **2. Bakgrunn**

Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 9:

*(Avtalen skal som eit minimum omfatte): «samarbeid om IKT-løysningar lokalt»*

og spesialisthelsetenestelova § 2-1e, 2. ledd 1. setn:

*«De regionale helseforetakene skal sørge for at det inngås samarbeidsavtaler som nevnt i helse- og omsorgstjenesteloven §6-1»*

Avtalen er vidare heimla i rammeavtalen mellom XX kommune og Helse Førde, jfr pkt. 4 i rammeavtalen.

## **3. Føremål**

Samarbeid om utvikling og drift av IKT-løysingar lokalt skal legge til rette for nye arbeidsmåtar i helse- og omsorgstenestene og god samhandling. Avtalen skal danne grunnlag for arbeid med utvikling av standardiserte elektroniske meldingsutvekslingar mellom partane, relevante telemedisinske løysingar, organisatorisk tilretteleggjing og kompetanseutvikling og rutinar for drift, forvaltning og oppgraderingar.

## **4. Prinsipp for lokale IKT-løysingar**

IKT-løysingar skal vere eit verktøy for organisasjons- og tenesteutvikling. Gjennom IKT vil partane syte for ei rasjonell yting av dagens tenester med dagens arbeidsmetodar. Men viktigare er det at nye IKT-løysingar er tilpassa behovet for nye tenester og nye arbeidsmåtar og at løysingane understøtter utvikling av slike.

Partane forpliktar seg til ikkje å ta eigne initiativ i høve innføring av nye IKT-løysingar som påvirker samhandlinga mellom partane utan å gje melding til den andre parten og omforeinte fora/instansar. Partane forpliktar seg vidare til å bidra til prosessar som kan sikre naudsynt standardisering og ei mest mogeleg felles plattform på IKT-området i helse- og omsorgstenestene.

Det vil vere behov for å vere i felles, sikkert nett for å kunne utveksle naudsynt informasjon. Partene vil nytte Norsk Helsenett i høve til elektronisk meldingsutveksling, telemedisin og annen kommunikasjon seg i mellom med tilhøyrande kvalitets- og tryggleikskrav, så lenge dette er einaste godkjende kanal for helseføretaka. Dersom det skjer endringar i høve til dette, skal avtalen revurderast.

## **5. Elektronisk meldingsutveksling**

Partane skal delta aktivt i felles utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane for å etablere og implementere:

- Elektronisk utveksling av tilvisingar og epikriser, røntgen- og laboratoriemeldingar og aktuelle dialogmeldingar m.v. mellom legekontor og helseføretaket.
- Elektronisk utveksling av aktuelle meldingar mellom legekontor og øvrige aktuelle helse- og omsorgstenester i kommunen.
- Elektronisk utveksling mellom helseføretaket og kommunen av aktuelle varsel i høve forskrift om betaling for utskrivingsklare pasientar/avtale om samarbeid om utskrivingsklare pasientar og andre aktuelle meldingar ved flytting av pasientar mellom helseføretak og kommunar.

Aktuelle meldingar omfattar både administrative meldingar og fagmeldingar.

Når det er organisatorisk og teknisk tilrettelagt for utveksling av elektroniske meldingar, pliktar partane å syte for at tenestene som partane har ansvar for nyttar denne formen for meldingsutveksling.

## **6. Telemedisin**

Partane skal delta aktivt i felles utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane for å etablere og implementere telemedisinske løysingar som kan legge til rette for betre tilbod til pasientar og brukarar. Prosjektet skal avklare aktuelle bruksområde for telemedisin og naudsynt organisatorisk tilrettelegging, og det skal bidra til gode avtalar og rutinar. Prosjektet skal vidare støtte implementering og utprøving av nye løysingar. I tillegg til diagnostisering og behandling ved støtte frå spesialisthelsetenesta via telemedisinsk løysing, skal føremålet vere å bidra til naudsynt kommunikasjon og kunnskapsoverføring mellom helsepersonell.

## **7. Anna samarbeid knytt til eHelse**

Partane skal prioritere felles utvikling av eHelse-løysingar som kan bidra til å fremje føremålet med avtalen. Som eitt aktuelt prosjekt skal partane skal innan 2013 utgreie rasjonelle metodar for eLæring.

## **8. Organisatorisk tilrettelegging**

Partane legg til grunn at naudsynt organisatorisk tilrettelegging er kritisk viktig for å kunne nytte aktuelle teknologiske løysingar. Partane har ansvar for å organisere eiga verksemd slik at elektroniske meldingar og telemedisinske løysingar kan nyttast som avtalt og føresett.

XX kommune og Helse Førde HF skal inngå naudsynt samarbeid om IKT-løysingar seg i mellom og med andre for å kunne oppnå fastsette mål om gode og samanhengande tenester. Regionalt IKT-samarbeid som XX kommune deltek i skal ha ein eigen kontaktperson som kommunen og helseføretaket kan forhalde seg til.

## **9. Tilpassing til nasjonale mål og standardar**

Partane skal tilpasse sine IKT-løysingar til nasjonale mål og standardar. Partane har for sine system ansvar for at leverandørane oppfyller standardane. Det skal nyttast program for elektronisk pasientjournal (EPJ) som er godkjende. Partene skal vere knytt til Norsk Helsenett og nytte dette som elektronisk kommunikasjonsveg i samband med utveksling av meldingar og bruk av telemedisinske løysingar mellom partane.

Tilknytning til Norsk Helsenett inneber at partane skal tilfredsstillere krav gitt i "Norm for informasjonssikkerhet i Helse og omsorgssektoren" utgitt av Helsedirektoratet. Tilknytning til Norsk Helsenett inneber og at partane forpliktar seg til å følgje dei tilrådingane/rettleiingane som er knytt opp mot norma for informasjonstryggleik, m.a. «Krav til elektronisk meldingsutveksling.»

## **10. Drift og forvaltning m.v.**

I samband med innføring og endring av IKT-løysingar som har innverknad på samhandlinga mellom partane, skal det gjennomførast utprøving og akseptansetestar etter nærare avtale.

Partane skal gjennomføre ROS-analyse og utarbeide plan og prosedyrar for ivaretaking av sikker drift av IKT-system som har innverknad på samhandlinga mellom partane, herunder beredskap for hendingar som påverker drifta. Prosedyrane skal omfatte melding og handsaming av avvik.

Dersom det ved oppgradering og endring av programvare oppstår problem i høve sikker sending av meldingar, herunder applikasjonskvitteringar, skal den aktuelle parten utan unødig opphald iverksette naudsynte tiltak for å overhalde standard og rutinar. Når systemet for applikasjonskvitteringar ikkje fungerer, skal det straks innførast papirbaserte meldingar som tillegg. Dersom utbetring ikkje skjer innan 2 veker, skal elektronisk meldingsutveksling opphøyre inntil feilen er utbetra.

## **11. IKT-tryggleik**

Partane forpliktar seg til å følgje «Norm for informasjonssikkerhet i helse-, omsorgs- og sosialsektoren».

## **12. Forholdet til rammeavtalen**

Føresegner i rammeavtalen gjeld tilsvarande for denne avtalen. Gjennom dette vert ivaretaking av brukarmedverknad også definert for denne avtalen. Ved motstrid mellom denne avtalen og rammeavtalen, går rammeavtalen føre.

## **13. Handtering av usemje**

Ved usemje skal partane følgje reglane i rammeavtalen.

## 14. Misleghald

Dersom ein av partane misligheld sin del av avtalen med vedlegg, og dette påfører den andre parten dokumenterte tap, kan tapet blir kravd dekket av den som mislegheld avtalen.

## 15. Innsending av avtalen til Helsedirektoratet

Etter at avtalen er signert av begge partar, skal Helse Vest RHF sende kopi av avtalen, iht. helse- og omsorgstenestelova § 6-1 til Helsedirektoratet. Dette skal skje innan ein måned etter at avtalen er inngått, og seinast ein måned etter utgangen av frist fastsett med heimel i § 6-3.

## 16. Avtaletid, revisjon og oppseiing

Avtalen trer i kraft frå 01.07.12, og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen med eitt års oppseiingsfrist, jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-5 andre ledd.

Partane er samde om å gjennomgå avtalen innan desember kvart år og syte for jamnleg rapportering og evaluering.

Kvar av partane kan krevje avtalen revidert dersom vesentlege føresetnader for avtalen blir endra.

-----  
Dato

-----  
xx kommune

-----  
Helse Førde HF